


 Norsk Bygdesagforening  
 Tonningsgata 42

6783 STRYN

## Svar - Søknad om tilskot - Prosjekt: Kartlegging av skog- og treforedlingsbedrifter i Sogn og Fjordane

Vi viser til søknad datert 12.06.2018 der de søker om 100 000 kr til eit prosjekt som skal kartlegge skog- og treforedlingsbedrifter i Sogn og Fjordane. Formålet med prosjektet er å lage ei fylkesoversikt over kva bedrifter som finst i fylket, og kva dei kan levere av ulike treprodukt, kvalitetar og volum, samt transport, trelasttørke m.m.

Vi har avgrensa med midlar og må prioritere innsatsen der vi får størst effekt, og dei prosjekta som er mest i tråd med våre planar og prioriterte satsingar. Kartlegging av bedrifter kan vere viktig for næringa sjølv, men tiltaket når ikkje opp i konkurransen om midlar som skal gå til å følgje opp prioriterte satsingar. Prosjektet får følgjeleg ikkje støtte frå fylkeskommunen.

Vi forstår at prosjektet er viktig for næringa og har difor vore i kontakt med både Fylkesmannen si landbruksavdeling og Innovasjon Norge for å høyre om dei kan vurdere å støtte søknaden. Innovasjon Norge opplyser at prosjektet ikkje er å sjå på som eit utviklingsprosjekt som deira midlar er retta mot, men at dette er ei «rein» kartleggingsoppgåve som foreininga må ta sjølv som ein del av sin aktivitet, utan medverknad frå Innovasjon Norge. Fylkesmannen opplyser at søknadsfrist for deira støtteordningar var 1. april i år og at midlane er fordelt, difor vert det ikkje aktuelt å vurdere støtte til søknaden.

### Klage

De har høve til å klage på vårt vedtak innan tre veker etter at de har motteke dette brevet. Ein eventuell klage sender de til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Nærare opplysningar om retten til å klage finn du i vedlagte skjema. Meir utfyllande informasjon finn du i Klagehandboka på [www.sfj.no](http://www.sfj.no). Har du fleire spørsmål om dette kan du kontakte sakshandsamar.

Med helsing

 Endre Høgalmen  
 ass. fylkesdirektør for næring og kultur

 Ingeborg Lysne Mcevoy  
 rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

### Vedlegg:

Klageskjema

### Kopi til:

Anne Silje Sylvarnes, NKA